



Frå hesjedugnaden i 2015.

Det er kjekt å delta i førearbeidet til Festidalen, og ein ting som har vore særdeles vellukka, er hesjedugnaden. Her har born og vaksne møtt opp og hatt det veldig trivleg i lag samstundes som dei har vore med på å laga den koselegaste festivalarenaen i landet. I år vert dugnaden tirsdag kl.14, og oppmøteplassen er på Døssland.



Alltid like koseleg på hesjedugnaden til Festidalen.

I år vert altså slåttan på Døssland på garden til Bjarte og Edle, før graset vert transportert til Dønhaug der sjøve hesjinga føregår. Det er fint om dei deltakarane som har rive, tar den med. Hesjedugnaden har blitt svært populær, og grunnen til det er enkelt og greitt. Det er kjempekjekt! Her møtes born og vaksne, feriefolk og fastbuande, til felles hygge og nytte.

Arrangørane håpar at det vert mange også i år. Einskilde år har det vore oppi 80 deltakarar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Festidalen